

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/17	Valnemnd	PS	27.03.2017
025/17	Heradsstyret	PS	29.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	15/3393

Kyrkjeleg fellesråd - val av nytt medlem

Søknad om fritak frå Kim Andre Hartveit

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kim Andre Hartveit, FRP, vert friteken frå vervet som medlem i Kyrkjeleg fellesråd for resten av perioden 2015 – 2019. Som ny medlem vert vald:..... .»

Heradsstyret - 025/17

HS - behandling:

Berit Moslett Borge, H, gjorde på vegner av valnemnda slikt framlegg: "Ny medlem Kjellaug Hartveit og ny varamedlem: Åshild Rød."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 22.00 - kl. 22.05 med gruppemøte for FRP og AP.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Ny medlem Sigmund Faugstad."

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Valnemnda sitt framlegg - 21 røyster (8AP,1V,3H,1uavh.,2SP,4KRF, 2MDG)

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 6 røyster (6 FRP)

HS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kim Andre Hartveit, FRP, vert friteken frå vervet som medlem i Kyrkjeleg fellesråd for resten av perioden 2015 – 2019. Som ny medlem vert vald:Kjellaug Hartveit, SP med vara Åshild Rød, V.»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Heradsstyret har vald 1 medlem med varamedlem til Kyrkjeleg fellesråd for 2015 – 2019, jfr. kyrkjelova § 12. Kommunen sin representant går inn som ordinær medlem i fellesrådet med fulle rettar. Vedkomande må vera medlem i Den norske kyrkja. Kim Andre Hartveit har no meld frå om at han ikkje lenger er valfør til Kyrkjeleg fellesråd. Heradsstyret må difor velja ny medlem og eventuelt ny varamedlem til fellesrådet

I kyrkjelova er det fastsett kva oppgåver og ansvar fellesrådet skal ha:

"Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellesråd er ansvarlig for:

- a) bygging, drift og vedlikehod av kirker*
- b) anlegg, drift og forvaltning av kirkegårder*
- c) opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett*
- d) anskaffelse og drift av menighets- og prestekontor*
- e) administrativ hjelp for prosten*
- f) ...*
- g) anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring*

.....

Kirkelig fellesråd forvalter inntekter og formue knyttet til kirke og kirkefond, midler som utredes av kommunen eller staten og midler menighetsråd stiller til fellesrådets disposisjon for å løse oppgaver i soknene. Regler om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon gis av departementet.

Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som det til enhver tid er pålagt av Kongen eller

departementet, eller som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd.”

Kyrkjeleg fellesråd sin funksjon i Osterøy er i samsvar med ny kyrkjelov m.o.t. mynde og ansvarsområde.

I heradsstyret 09.12.15 vart desse valde:

Representant:Kim Andre Hartveit, FRP. Vara Kjellaug Hartveit, SP.

Link til kyrkjelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-31?q=kirkelov>

Link til Den norsk kirke

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkelig-fellesrad/>

Vurdering

Medlemmer i Kyrkjeleg fellesråd må vera medlem i Den norske kyrkja. Kim Andre Hartveit må difor gå ut av vervet, og heradsstyret må velja ein ny medlem.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka

Miljø – ikkje vurdert i saka

Økonomi – ikkje vurdert

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valnemnda for tilråding til heradsstyret.